



FØRDE KOMMUNE

Slåtten skule

Angedalsvegen 71
Postboks 338
6802 FØRDE



Referat frå møte i FAU (Foreldra sitt arbeidsutval)

Tid: Onsdag 22. januar 2020 kl. 19.00 – 20.30

Møtestad: Personalrommet på Slåtten skule

Desse møtte:

1A Bjørn Are Vollstad, **1B** Therese Stokke (kunne ikkje møte), Vara: Monika Staberg Sunde, **1C** Are Gunnar Korsvoll, **2A** Gunnhild Sande, **2B** Torje Hirth (kunne ikkje møte, heller ikkje vara) Vara: Kim Nødset, **2C** Oddbjørn Thune-Myklebust (kunne ikkje møte, heller ikkje vara) Vara: Bjarte Urnes, **3A** Lisbeth Strømsli, **3B** Astrid Irene Solheim, **4A** Ståle Randal, **4B** Maria Steimler, **5A** Silje Sægrov Amble, **5B** Kunne ikkje møte: Therese Bøyum Hans Martin Holsen, **5C** Kunne ikkje møte: Veronika Kvalsvik Løvold, **6A** Tove E. Klakegg, **6B** Roger Eide, **6C** Astrid Bakke Grimeland, **7A** Kunne ikkje møte: Roger Midtbø, **7B** Ina Myklebust Ørjansen, **7C** Nina Masdal.

Saker

01/20 Godkjenning av innkalling og sakliste.

- Godkjent

02/20 Kan vi oppfordre elevar om å ta med seg egne høyretelefonar?

- FAU synes det er greitt å oppfordre om å ta med egne høyretelefonar.

03/10 Orientering om elevundersøkinga.

- Elevundersøkinga er pålagt å gjennomførast over heile landet i 7.trinn.
- Elevundersøkinga gir ein peikepinn på korleis Slåtten skule ligg an i forhold til andre skular i Førde kommune og resten av landet.
- Elevane har blitt spurt ulike spørsmål innanfor tema: Motivasjon og meistring, arbeidsmiljø, klasseleing, vurdering, vegleing og rådgiving, støtte frå heimen.
- Jamt over gode resultat for Slåtten skule. Samanlikna med landsgjennomsnittet ligg Slåtten skule over eller omtrent likt med landsgjennomsnittet på dei aller fleste spørsmål. Undersøkinga og spørsmåla blei målt i ein skala frå 1-5.

04/20 Orientering om nasjonale prøver på 5.steget.

- Fagleg prøve som målar elevane i rekning, lesing og engelsk.
- Slåtten skule kjem godt ut og ligg over landsgjennomsnittet. Gode resultat for Slåtten skule i år.

05/20 Nytt frå arbeidsgruppene i FAU. Nærmiljø/anlegg, Heim-skule og Lese/skrive og rekne-gruppa.

- Nærmiljø/anlegg:
 - Ønske og draum om å bygge eit hus der elevar kan jobbe med kreative fag.
 - Mål: Eit nytt spennande bygg på Slåtten skule som stimulerer til læring og aktivitet både inni og utanpå.

- Skaparhuset skal innehalde eit skaparrom, eit forskarrom og eit eventyrrom.
- Veldig mange gode tankar rundt dette prosjektet. Dette ønsker vi å få på Slåtten skule.
- Heim – skule
 - Ingen spesielle saker, er glad for å få innspel.
- Lese/skrive og reknegruppa
 - Ønske om å kjøpe inn grafisk litteratur til elevane.
 - Ønske om å kjøpe inn meir og god litteratur til elevane.
 - Ønske om å kjøpe inn meir teikneseriar.
 - Samle inn bøker som ligg i heimane til folk og er til overs.

06/20 Arbeid framover, 17. mai-arrangement på Slåtten skule. Referat frå møte i 17. mai-komiteen, brev til foreldre, evalueringar, handlelister m.m. finn du link til under Sunnfjord kommune, Slåtten skule, medverknad – 17. mai. Skulen gir medlemmane i 17. mai-komiteen passord. (fau)

- 5.klasse har ansvaret.
- Klassekontaktane i 5.klasse må begynne å tenke og planlegge 17.mai.
- Foreldremøte for 5.klasse bør vere tidleg for å få på plass 17.mai. Foreldremøtet må vere før påske.

06/18 Ymse

Elevlar som har smartklokker kan bruke desse til å ta bilde med, eller ringe med.

I trivsels og ordensreglane våre står det:

«Mobiltelefon eller anna elektronisk avspelings- eller kommunikasjonsutstyr skal vere avslått og ligge i sekken. Du har utstyret med på eige ansvar. Skulen er ikkje erstatningspliktig dersom utstyret vert vekke.

Dersom nokon bryt denne regelen, skal utstyret takast inn for resten av dagen. Ved gjentekne brot på regelen vert foreldra kontakta og utstyret utlevert etter avtale med dei».

Reglane gjeld også for smartklokker som kan brukast til å ringe med, og eller til å ta bilde med. Klokka må settast i skulemodus frå eleven er på skulen til han/ho går heim. I skulemodus kan ikkje klokka brukast til å ta bilde med eller ringe med.

Samrøystes i FAU:

- Mobiltelefon eller anna elektronisk avspelings- eller kommunikasjonsutstyr skal vere avslått og ligge i sekken.
- FAU melder inn at det kan skrivast på lekseplanane at smartklokker skal vere avslått og ligg i sekken.

Slåtten skule, 22. januar 2020

Are Gunnar Korsvoll

- Skrivar -